



SAUDA KOMMUNE

Postboks 44

4201 SAUDA

Kontakt saksbehandlar

Tina Eltervåg, 51568789

Statsforvaltaren trekker motsegn - mindre endring - planforslag til begrenset høring - reguleringsplan - Sauda - detaljregulering - Ammoniakkfabrikk - Birkeland - Sønnå havn, industri og anlegg - planID 2022002

Me viser til brev datert 18.11.2024.

Bakgrunn

Statsforvaltaren har fremma motsegn til plan 2022002 for Sauda, gnr. 44, 45, 46 m.fl. Birkeland – Sønnåhavn, industri og anlegg. Nokre av motsegna er allereie løyst. Motsegn som ikkje er løyst er:

- Planen legg til rette for eit industriområde utan at det er krav til massehandteringsplan
- Uttak av vatn frå Storelva utan at det er avklart med NVE etter vassressurslova
- Manglande vurderingar av alternative løysing for uttak av vatn
- Manglande beskriving av tiltak for å unngå tap av yngel og smolt ved vassinntaket
- Manglande vurderingar av alternative lokaliseringar av vassinntak for å unngå tap av fisk
- Manglande beskriving av økologiske verknader av utslepp av overvatn og kjølevatn til elva.

Kommunen har sendt over forslag til løysing av motsegna på avgrensa høyring. Endringar i det justerte planforslaget er:

- Suppleringar og presiseringar i plandokumenter på bakgrunn av innspel
- Endra plassering for uttak av vatn i Storelva
- Regulering av areal til handtering av overvatn frå industriområdet mot Storelva
- Krav om massehandteringsplan for delfelt I4, Sønnåhamnen.

Vår vurdering

Det er no stilt krav om massehandteringsplan for delfelt I4, Sønnåhamnen og det er inngått ein avtale mellom konsesjonær Saudafaldene og forslagsstillar for å sikra at krav til minstevassføring blir ivareteke. Det er også gjort alternative vurderingar for uttak av vatn og det er føreslått ein endra



plassering av uttaket og det skal gjerast avbøtande tiltak for å unngå tap av yngel og smolt ved vassinntaket. Motsegnet knytt til utslepp av overvatn og kjølevatn var basert på ein misforståing.

Statsforvaltaren vurderer at me kan trekka alle motsegna me har til planen, dersom dei føreslåtte endringane blir innarbeida i planen.

Me minner om at tiltaket må behandlast etter vassressurslova § 11 og fysiske tiltak i vassdrag.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen (e.f.)
fylkesmiljøvernssjef

Tina Eltervåg
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 130
Postboks 5091 Majorstuen

4001	Stavanger
0301	Oslo